

REFERAT FRÅ STYREMØTE 2.mars - 20

Kl. 18 på Biblioteket.

Desse møtte: Solveig, Bjørg, Nelly, Mette, Elin, Sunneva.

Sak 27/20 Referat, orienteringar

* Møte i Stranda bk - Solveig, Nelly, Monica fylkesleiar og Grete frå landsstyret møtte.

God stemning, 1 ny medlem.

* Organisasjonskurs -VBK kanskje saman med Stranda og Hellesylt.

* Coronafare - møte i Stordal 11.mars blir halde. Bjørg undersøker om vi låner el. kjøper pappservise.

Oppmøte kl. 17. Svele: Nelly, Solveig. Skuffekake: Mette, Elin. Pris 200kr med mat.

* Arbeidsutval Solveig, Bjørg, Nelly held resten av styret orienterte om arbeidet i utvalet.

Sak 28/20 Innsamlingsdugnad for kompressormaskin til ambulansen

Samrøystes vedtak om 5000kr. frå VBK.

Sak 29/20 Bygdafest 4.april

VBK er beden om 4 frivillige + 3 skuffekaker.(Mette og Elin bakar kvar si skuffekake, vi treng ei til.)

VBK meiner 3 timar pr. vakt er passe, tydeleg vaktliste bør lagast.

Bjørg undersøker litt om vaktene, meir om vaktene kjem seinare. Vi treng 4 friviljuge.

Sak 30/20 Søknad om prosjekt skulemat i barneskulen

Søknad må sendast Møre og Romsdal bk og laget får 10000 kr i tilskot om vi blir utvalde.

Prosjektet må vere ferdig innan juni 2020,

FAU og Helselag er positive, men Solveig må ta meir kontakt.

Styret kan tenkje seg 2-3 gonger pr veke i 6 veker, mest truleg i matfriminuttet.

Pårørande i dei 7 klassene har ansvar for kvar si veke, ei klasse - ei veke.

Helselaget+VBK ei veke kanskje. VBK skaffar pengar og organiserer.

Solveig sender søknad dersom FAU og Helselaget stiller opp.

Sak 31/20 Medlemskveld i mars

VBK organiserer «FÅREDRAG» i Stordal 11.mars.

Det blir også medlemskveld onsdag 25. mars på Fjordhotellet.

Hotellet har teke kontakt med oss.

Det blir åresal + litt å bite i, gratis. Ta gjerne med strikk.

Plakat til utsending - Bjørg, gevinster - Mette og Solveig, kontakt med hotellet - Nelly.

Håper mange medlemmer set av tid til å kome saman.

Sak 32/20 Sak til fylkesårsmøte

* Barnehagetilskotet frå staten

Då barnehagar vart ein del av rammetilskotet til norske kommunar i 2011, var utdanningsnivå

kriteriet som vart valt for å regulere storleiken på tilskotet.
Eit utdanningsnivå i kommunen under landsgjennomsnittet gir lågare tilskot frå staten.

Dersom det då er få høgskuleutdanna og mest av t.d. helsefagarbeidarar el. elektrikarar med fagbrev, så taper kommunen pengar.

(T.d. Kinn kommune i Sogn og Fjordane taper 4,5 millionar i barnehagetilskot frå staten fordi innbyggjarane har for låg utdanning.)

VBK meiner tilskotet ikkje bør reknast ut etter utdanning, det er ikkje rettferdig.

Born med fagutdanna foreldre treng barnehageplass på same måte som barn med høgskuleutdanna foreldre.

Solveig skriv ei sak om dette til Fylkesårsmøtet .

* Frivilligsentraltilskotet frå staten

Regjeringa vil at tilskotet skal reknast ut etter folketalet. Då vil dei små kommunene tape mykje og dei store kommunene vinne mykje

Det er kanskje dei små kommunene som har mest bruk for hjelp til å tilby opplevingar til innbyggjarane.

VBK meiner tilskotet ikkje bør reknast ut etter folketal.

Solveig skriv ei sak om dette til fylkesårsmøtet også.

Sak 33/20 Evaluering søndagsmiddag

Det var ein opplevingsrik kveld, servering i Vikinghuset med god mat og gode historier. Turgruppa hadde fått til eit fint opplegg.

Det som var leitt, var at så få medlemmer vart med. Det vart få medlemmer som fekk nytte godt av mykje sponing.

Vinterferien hadde litt å seie, men somme gav uttrykk for at dei syntest det var dyrt.

For ettertida når laget sponsar, bør vi bli samde om ei ca.nedre grense med tal på medlemmer som blir med,

og ei ca.øvre grense for pris. Dette synest styret kan vere fornuftig. Då får også turgruppa meir presise reglar å gå etter,

og det kan gjere det lettare å finne forslag til opplevingar.

Sak 34/20 Ymse

* Aktivitetsdag 9.mai for funksjonshemma

Frivilligsentralen treng hjelp til dagen.

Det kan vere kakebaking, kafevakt, loddsalg, hjelp med uteaktiviteter.

(Mette bakar 1 kake , Sunneva sveler, Bjørg treng meir, dessertkaker sel bra.)

Stemnet blir i Idrettshallen. Bjørg kjem med meir informasjon når datoen nærmar seg.

* Gebyr på VIPS for frivillige lag.

Laget har sendt ein uttale om at det må vekk, via fylkeslaget til NBK sentralt.

Sunneva Linge skrivar